

## Gruvepolitisk plattform for Naturvernforbundet

Vedtatt på landsstyremøte 24. mai 2014

Det blir arbeidd for opning av fleire nye gruveprosjekt i Noreg. Dette gir oss store utfordringar, ettersom dette dreier seg om drift på ikkje-fornybare ressursar som kan gje enorme inngrep til skade for natur, naturbaserte næringar og sosial utvikling i lang tid. Vi slit enno med mange hundre års forureining og inngrep frå gamle gruver. Det er difor viktig å stille strenge krav til ny mineralutvinning. Naturvernforbundet har på denne bakgrunnen sett opp ei liste med kriterier som må være oppfylte ved start av nye gruveprosjekt.

### Prinsipp for norsk gruvedrift må være:

#### **1. Langsiktig perspektiv og reelt samfunnsmessig behov**

Mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar, og ved løyve til uttak av mineral må det være krav om at ressursane blir utnytta best mogleg. Som ein del av konsesjonsprosessen for ei ny gruve må det bli stilt spørsmål om det er eit reelt internasjonalt behov for dei aktuelle ressursane, og ikkje berre ein etterspurnad i marknaden eller ønske om arbeidsplassar i gruveindustrien. Vurderinga av samfunnsmessig behov må ikkje minst inkludere ei vurdering ut i frå dagens overforbruk av ressursar og solidaritet med komande generasjonar, som også vil ha behov for metall og mineral. Vurderingar av berekraft og forbruk viser at ein internasjonalt, og spesielt i vår del av verda må arbeide for ein kraftig reduksjon av forbruket, noko som også vil seia sterkt redusert uttak av ikkje-fornybare ressursar som metall og mineral. I tillegg må ein vurdere om det er mogleg med meir miljøvennlige erstatningar. Med slike vurderingar som basis, og med grunnlag i dei miljømessig beste driftsformene, kan ein gå vidare og vurdere om konsekvensane for naturmiljøet og naturbaserte næringar gjer det tilrådeleg å etablere den aktuelle gruva.

#### **2. Minimalisere inngrepa – underjordsdrift, ikkje dagbrot**

Det er viktig med driftsformer som gir minst mogleg naturinngrep. Der det er praktisk mulig, vil underjordsdrift som regel vera å føretrekke framfor storskala dagbrot og bortsprenging av fjelltoppar, også sjølv om dette fører til at ein må setja att ein del av mineralressursane.

#### **3. Hindre tap av natur og naturbaserte næringar**

Det må vera eit ufråvikeleg krav at gruva ikkje fører til varig vesentleg svekking av naturen i området. Gruva må ikkje fortrenge eller øydeleggja grunnlaget for naturbaserte næringar som t.d. fiske/ sjømat, reindrift og turistnæring. Rik natur med få inngrep er også vesentleg for trivsel og stabil busetting. Det må bli teke spesielt omsyn til samiske næringar som reindrift og fiskeri. Sametinget må ha rett til å stoppe gruveplanar som vil føre til alvorlege inngrep i samiske bruksområde. Gruvedrift er ofte kortvarig mens naturbaserte næringar i prinsippet kan vare for all framtid.

Også leiting etter metall og mineral kan gje naturinngrep, og kan bli styrande for seinare handsaming av utvinningsrett. Vi krev difor at ingen kan få løyve til leiting før det er gjennomført lokal høyring.

#### **4. Restaurering av naturområde og område for naturbaserte næringar**

Det må vera ei absolutt plikt til gjenoppbygging av landskap og restaurering/ revegetering undervegs og etter avslutta gruvedrift. Før det blir gjeve løyve til gruvedrift må det vera utvikla fungerande metodar for restaurering/ revegetering i aktuell vegetasjons- og klimasone.

#### **5. Ressurs, ikkje avfall**

Gruver utan avfall bør bli ei nasjonal målsetting i Noreg, slik det for eksempel er i India. Dei ikkje-fornybare mineralressursane må bli utnytta så godt at alt ein tek ut må bli brukt. Overskotsmasse frå gruvedrift må bli sett på som ressurs, ikkje som avfall. Det må bli sett strenge vilkår til god utnytting og alternativ bruk, som må starte samtidig med utvinninga, som ein del av konsesjonsvilkåra. Dersom noko av overskotsmassen må bli deponert, så må det skje slik at ressursane kan bli brukt i framtida. Sjødeponi vil føre til at ressursane går

tapt for alltid. Tomme gruvegangar kan takast i bruk som lagerlokale, industri m.m., og gruvene bør bli planlagde med omsyn til slik etterbruk.

#### **6. Avfallsavgift som virkemiddel**

Det må bli innført eit avgiftssystem som kan bidra til å redusere det store avfallsproblemet i bergindustrien og redusere dei store arealinngrepa. Avgiftene må bli utforma slik at dei både fremmer driftsformer som gir lite avfall til ytre deponi og alternativ bruk av overskotsmassane. Dette vil kunne gi både mindre areal- og naturinngrep, mindre klimagassutslepp og god utnytting av gruvemassane.

#### **7. Tilbakefylling**

Det som er att etter god ressursutnytting og alternativ bruk, bør som hovudregel bli ført attende i gruva under drift. Den norske mineralstrategien krev at tilbakefylling alltid skal bli vurdert. Dette må bli følgt opp i praksis av miljøstyresmaktene, og det må bli sett krav om tilbakefylling der det er miljømessig forsvarleg. Internasjonalt er det utvikla teknikkar for tilbakefylling under drift, og vurdert som miljømessig beste praksis.

#### **8. Forbod mot sjødeponi**

Sjødeponi av massar frå gruverdrift er svært skadeleg for naturen i havet, og både miljø-, mat- og fiskeristyresmakter har åtvare om konsekvensane. Alt liv på havbotnen under deponiet vil forsvinne, og kjemikaliar og partikler i massane kan bli virvla opp og skade fisk og anna naturmangfald. Erfaringar viser at fjordane/havet blir påverka langt utafor deponiområdet. Det er også aukande bekymring for at partiklar med dimensjon under 100 nanometer (nanopartiklar), som det alltid vil vera i gruveavfall, kan ha spesielle giftverknader på levande organismar, og at desse partiklane kan spreia seg langt.

Londonkonvensjonen og Londonprotokollen skal hindre forureining av havet, også inn til fjæresteinane, og forbyr utslepp av gruveavfall. Dette regelverket krev nullutslepp frå olje- og gassindustrien, men er ikkje juridisk bindande for gruveutslepp frå land. Noreg må innføre forbod mot sjødeponi nasjonalt, og stille seg i spissen for at Londonkonvensjonens regelverk også skal gjelde for utslepp av gruveavfall frå land.

#### **9. Reinseteknologi**

Ny gruverdrift vil gi avrenning av ulike slag, og for gamle gruver er dette også eit stort problem. Det må bli utvikla reinseteknologi som stansar skadeleg avrenning heilt og samtidig tek vare på ressursane i avrenninga. Slik reinseteknologi må vera ferdig utvikla før ein gir løyve til ny gruverdrift. På same vis som olje- og gassindustrien i Nordsjøen er underlagt krav om nullutslepp, må gruverdrift på land bli underlagt krav om nullutslepp til vassdrag og sjø.

#### **10. Vassforskrifta, naturmangfaldlova og uavhengig fagkompetanse**

Vassforskrifta stiller konkrete krav til god vasskvalitet, både når det gjeld økologisk tilstand og kjemisk tilstand, og både vassforskrifta og naturmangfaldlova krev at miljømessig beste teknikk skal bli brukt, og hindre tap av verdfull natur. Dette må også gjelde uavkorta for gruveindustrien

For å få uavhengige utgreiingar av konsekvensane for natur og miljø ved gruverdrift, må utgreiingane bli bestilte av eit uavhengig offentleg organ, men for gruveselskapets rekning.

#### **11. Krav til økonomisk garanti og samfunnsmessig god drift**

Det må bli lagt vekt på å tilpasse uttaket til å sikre langsiktige arbeidsplassar og alternativ bruk av overskotsmassane. (Det er enklare å finne alternativ bruk for 500.000 tonn i året enn 6.000.000 tonn i året.)

Det må bli stilt økonomisk garanti for opprydding, rehabilitering, restaurering av naturområde og uførutsette problem i etterkant, også for deponi av «inerte masser».

#### **12. Internasjonalt leiande på miljø**

Den norske mineralstrategien seier: «Norsk mineralnæring skal være blant verdens mest miljøvennlige og aktivt søke fremtidsrettede løsninger». I punkta over er det lagt fram fleire viktige grunnlagskrav som vilkår

for å kunne oppfylle ein slik visjon. I vedlegget har vi ein del døme på aktuelle tiltak for å kunne oppnå denne målsettinga.

## Vedlegg

Nokre døme på tiltak for å kunne oppnå ein posisjon som internasjonalt leiande på miljø i gruvedrift:

- A. På verdsbasis bruker ein i dag den økologiske kapasiteten til 1, 5 klodar, og om alle skulle brukt like mykje som i den rike delen av verda, ville vi trengt 3-4 klodar. Dette vil seia at forbruket av jordas ressursar må bli kraftig redusert. Vi må også ta eit ansvar for komande generasjonar og deira behov for metall og mineral. Mot denne bakgrunnen kan ein ikkje overlate til etterspørselen på verdsmarknaden og gruveindustriens behov for profitt å avgjerda om ei gruve skal bli starta eller ikkje. Det må vera eit reelt internasjonalt samfunnsmessig behov for metallet/ mineralet veid opp mot konsekvensane for naturmiljø, klima, naturbaserte næringar og sosial utvikling.  
Noreg bør arbeide for å få etablert eit grunnlag for å gjennomføre slike vurderingar.
- B. EU arbeider med scenariet «Usynlege gruver», med målsetting om å slutte med dagbrot, leggja prosess-anlegget nede i fjellet og ha direkte tilbakefylling i gruva under drift av overskotsmasse for å redusere inngrepa på overflata og redusere uttransportert masse (spare energi). EUs mål er pilotgruve etter desse prinsippa innan 2020. Noreg bør praktisere tilsvarande prinsipp for nye gruver allereie i dag.
- C. Indias mineralstrategi frå 2008 har ei nasjonal målsetting om gruver utan avfall, ut i frå eit ressursmessig synspunkt: "Zero waste mining will be the national goal and mining technology will be upgraded to ensure extraction and utilization of the entire run-of-mines."<sup>1</sup>. Tilsvarande målsetting bør bli ein naturleg del av den norske mineralstrategien.
- D. Polen praktiserer deponavgift på kr 30/ tonn enkel masse og kr 100/ tonn for masse frå metallgruver (kopar, sink etc).  
England praktiserer avgift på bruk av «jomfruelege massar» frå steinbrot og grustak i bygg og anlegg, mens det er avgiftsfritt å bruke overskotsmassar frå gruvedrift.  
Noreg bør vurdere korleis ein ta det beste frå både det polske og engelske systemet for å bidra til å styrke arbeidet med alternativ bruk av overskotsmasse frå gruvedrifta.
- E. Gjennom eit omfattande internasjonalt arbeid mot dumping av gruveavfall i sjø, der mellom anna FNs miljøorganisasjon UNEP er aktiv, er det nå berre fire land som fortsatt bruker denne metoden for å kvitte seg med gruveavfall.  
I tillegg til Noreg, er det berre Tyrkia (ei gruve med deponi på 3000 meter), Indonesia (ei gruve med deponi på 3-4000 meter), Papua New Guinea (3 gruver med deponi på ca 1000 meter). Noreg har 6 sjødeponi, der avfallet blir slept ut på 35-80 meters djup, i dei biologisk mest aktive områda.  
Tyrkias gruve med sjødeponi har ei forventet levetid fram til ca 2018, Indonesias miljøvernminister har klårt uttrykt at det ikkje er aktuelt å gje løyve til nye sjødeponi ut over den gruva som er i drift, og i Papua New Guinea arbeider lovkommissjonen med framlegg til endringar i gruvelovgivinga, der forbod mot nye sjødeponi blir diskutert.  
Verdsbankens miljøregelverk for gruvedrift seier at grunne sjødeponi (ned til ca 400 meter) ikkje er akseptabel internasjonal industripraksis, slik at alle igangverande og planlagde sjødeponi i Noreg vil bli karakterisert som uakseptabel industripraksis. Samtidig uttrykker den norske mineralstrategien at sjødeponi i mange tilfelle vil vera akseptabelt. Dette set Noreg i ein veldig spesiell situasjon.  
Noreg må aktivt arbeide for eit generelt forbod mot sjødeponi og ta dette inn i mineralstrategien.

---

<sup>1</sup> Government of India, Ministry of Mines, NATIONAL MINERAL POLICY, 2008  
<http://www.fedmin.com/html/nmp08.pdf>